

SJUTOPPSTUREN 2015

Ny løyperekord på tungt føre og 321 deltakarar totalt

Ingen vart overraska, og heller ikkje misfornøgde, over at deltakarrekorden på 440 betalande turgåarar og løparar frå 2014 vart ståande. For det vart nok ein gong eit flott arrangement då Sjutoppsturen 2015 var langfredag 3. april.

Snø og sludd dei to dagane i førevegen gjorde at løypene vart ganske så gjørmete og glatte mange stadar. Likevel var det så å seie berre lovord idrettslaget kunne hauste etter endt arrangement også denne gongen.

For turopplevinga var truleg god, den, slik vi har fått inntrykk av. Alle årstidene var representerte – med våren og sommaren som dei mest dominerande, heldigvis.

Sterke prestasjonar

Konkurranseløparane var dei heldigaste, med det at tett skodde, snø- og haglbyger gav seg like før fellesstarten klokka 13. Men lite vind gjorde at heller ikkje mosjonistane, som då var godt i veg allereie, fekk nokon ufyseleg tur.

Godt vaksne Arnvald Bringsvor la i veg før fugl fekk skite, og klarte alle sju toppane for tiande gong. Dermed vart han i lag med den noko yngre slektingen Thomas Voksøy Bringsvor, som også gjorde si tiande fullføring, gjort stas på med pokal og diplom for nettopp det.

Premie vart det på fleire også. I dameklassen



var det sjutoppsdebutanten Jenny G. Schefte frå Elnesvågen som sprang inn til førsteplass på den imponerende tida 2:11:05, spesielt med tanke på at ho deltok i klasse 13-17 år.

Jamnare blant herrane

Andre- og tredjeplassen var det høvesvis Wenche Bjørkeng, Gjerdsvika, og Yvonne Flo Myskja, Ålesund Håndball som tok. Dei var dryge 15 og 25 minutt etter vinnaren i mål.



Totalt var det sju som stilte til start i dameklassen. Herrar var det 35 av. Og i år som i fjor vart det heimesiger og løyperekord.

Tidleg i løpet skilde det seg ut tre herrar i teten – tidlegare vinnar Arve Rindal, den løypelommekjende Eirik Voksøy Bringsvor, og i sjutoppssamanheng noko ukjende Tom-Erik Lukkedal. Med det meint at han i sin einaste start øydela løpet sitt ved å springe feil etter å ha hatt ei klar leiing tidleg.

Løyperekord

Men etter den lange nedstigninga frå Rinden og Signalen til Hellandsvågane var det dei to sistnemnde sigeren skulle stå mellom.



Ved foten av den nydøypte "Mördarbacken", frå siste drikkestasjon og opp til topp nummer seks på Hornet, var duoen samla. Bringsvor i tet med Lukkedal hakk i hæl.

Frå midten og opp fekk Bringsvor nokre meter og på flatene bort mot siste stemping vart forspranget så stort at det heile i grunnen var avgjort. I mål skilde det 50 sekund.



På det tunge føret var det ein sterk prestasjon av begge to som tukta den gjeldande løyperekorden. Også av Rindal, som var like bak si eiga bestenotering i Sjutoppsturen.

Den nye rekorden lyder no på 1:33:50.

Atter ein suksess

Mosjonsklassen talde 227 deltakarar, medan 52 personar gjekk turmarsjen rundt Sandsvågen. Nytt av året var innleigde Hallgeirs Turbuss som frakta folk til og frå ferja, eit tilbod som såg ut til å slå an. Om lag 50 deltakarar nytta seg av bustilbodet.



Då arrangementsstaben omsider gjekk kvar til sitt, kunne dei med tryggleik slå fast at det nok ein gong hadde vore eit flott samkome.

Fleire bilete vert å finne i fotoalbumet.